

Vår saksbehandlar:
Jorunn Steinsvåg

Direkte telefonnr.:
53 42 30 22

Vår dato:
16.12.2014
Dykkar dato:

Vår referanse:
2008/1102-4028358/2014
Dykkar referanse:

Helse og omsorgsdepartementet

HØRINGSUTTALE- AKUTTUTVALGETS DELRAPPORT

Sender vedlagt høyringsuttale frå Bømlo kommune. Kommunestyre hadde saka oppe til behandling på sitt møte i 15. desember 2014.

Med helsing
BØMLO KOMMUNE

Jorunn Steinsvåg
Avdelingsleiar



Dato: 01.12.2014
Arkivref: 2008/1102-
27006/2014 / 40

Saksbehandlar: Kjersti Helen Follesø
kjersti.helen.folleso@bomlo.kommune.no

Sak nr i møte	Utval	Møtedato
117/14	Kommunestyret	15.12.2014

HØRINGSUTTALE- AKUTTUTVALGETS DELRAPPORT

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Rådmannen meiner at Akuttutvalet sine tilrådingar vil gi ei naudsynt fagleg styrking av dei prehospitale tenestane.

Bømlo kommune har i samarbeid med nabokommunane Stord og Fitjar allereie etablert ei fastlønna legevakt med lege og sjukepleiar til stades, og med fagleg og administrativ leiing. Legevakta dekker eit geografisk område som er innanfor dei tilrådde grensene for tilgjenge. Men Sunnhordland interkommunale legevakt har dei same utfordringane som blir peika på i dokumentet, med stor pågang av pasientar, lite tid til sjukebesøk, mange fastlegar som ikkje tek del i vaktordninga.

Dersom akuttutvalet sine tilrådingar skal følgjast opp, er det trong for auka ressursar til leiing, samtrening og kompetanseheving. Slik kompetanseheving bør også omfatte fastlegar utanfor legevakt, hjelpepersonell ved legekontora, omsorgstenesta, førstehjelparar og andre aktuelle aktørar, som del av den kommunale beredskapen. Eit spesifikt og talfesta krav om trening vil bidra til at naudsynt kompetanseheving blir prioritert.

Dersom ein skal auke talet på sjukebesøk, er det naudsynt med meir enn ein lege på vakt, til dømes fast bakvakt som kan rykke ut. Alternativt kan ein tenke seg ein eigen vaktordning for sjukeheimane og heimetenesta. Det vil krevje fleire legar i vaktturnus, i tillegg til auka lønnskostnader, og auke presset på fastlegane.

Utvalet tilrår at kommunane legg til rette for at fastlegar skal ha legevakt som del av ein normalarbeidsveke. Rådmannen ser det som viktig med tanke på framtidig rekruttering av legar i primærhelsetenesta, men det krev vesentleg fleire legestillingar i kommunane på landsbasis, og at staten er viljug til å finansiere auken. Det er naudsynt å sjå på dagens finansieringsordning, som gjer det vanskeleg for nye legar å etablere seg. Utan ei velfungerande fastlegeordning vil ein ikkje klare å oppretthalde stabil bemanning og kvalitet på legevakt, og ein risikerer kraftig auka press på spesialisthelsetenesta. Ein robust fastlegeordning som sikrar rekruttering og stabilitet også i distrikta bør derfor ha høgast prioritet.

Skal kommunane følgje opp dei tiltaka som utvalet tilrår, må det følgje økonomiske midlar med. Utan at det gjer det, vil ikkje kommunane makte å gjennomføre dei naudsynte endringane.

Saksprotokoll i Kommunestyret - 15.12.2014

Vedtak:

Kommunestyret gjorde samrøystes **vedtak** i samsvar med rådmannen sitt framlegg.